



Stemninga var høg torsdag kveld hos fire frå Berlin som er turistar i Uskedalen i to veker. Andreas Geisler hadde fanga ein lange på 18 kilo med vanleg stong og frå båt. Og tyskarane var ikkje seine med å dele opp og filetera fangsten, som var 152 centimeter lang (biletet)!.

- Eg sleit i 10 minutter før eg fekk han opp i båten, fortalde Andreas.

Men vennen Berndt Pollak som er feriegjest i Uskedalen for andre gongen, hadde ein liten triumf i bakhand: Då han var her i 2005 fekk han ein lange på 23,5 kilo som var 169 centimeter og vart den gongen fortald av lokalkjende at han hadde sett ny Uskedal-rekord.

Difor reknar han framleis med at han held den lokale lange-rekorden.

(Foto: Ola Matti Mathisen)